

Saksbehandlar: Siri Ingvaldsen, Fylkesbiblioteket  
Sak nr.: 14/3790-1

## **Kompetanseutvikling i biblioteka i Sogn og Fjordane**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for kultur gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for kultur ser at det er behov for å satse meir aktivt på kompetanseutvikling i folkebiblioteka og biblioteka i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.
2. Fylkesdirektøren får i oppdrag å arbeide vidare med å leggje til rette for etter- og vidareutdanningstilbod i samsvar med resultatata frå kompetansekartlegginga som er gjennomført.
3. Fylkeskommunal prioritering og evt midlar til auka satsing på kompetanse i biblioteka vert vurderte i samanheng med handsaminga av budsjettet for 2015 og økonomiplanen for 2015-2018.
4. Med grunnlag i kompetansekartlegginga kan opplæringstiltak leggest inn i søknader om statlege prosjektmidlar.

#### Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkesbiblioteket gjorde seinhaustes 2011 ei kartlegging av kompetansen blant tilsette i bibliotek i Sogn og Fjordane. Kartlegginga kom som følgje av vedteken *Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014*, og føremålet var å få fram grunnlagsmateriale for vidare satsing på kompetanseutvikling i biblioteka. Fylkesdirektøren vil i saka presentere hovudfunn frå kartlegginga og peike på område som bør prioriterast for å imøtekomme behova for auka kompetanse framover.

Kartlegginga omfattar folkebiblioteka, fylkesbiblioteket, biblioteka i vidaregåande opplæring og høgskulebiblioteka. Tala som vert presenterte har med data frå alle bibliotekslaga, men vurderingar og framlegg i saka gjeld folkebiblioteka og vgs-biblioteka. Fylkeskommunen må i

tillegg sikre at fylkesbiblioteket til ei kvar tid har tilstrekkeleg kompetanse til å kunne yte fagleg støtte og drive opplæring der det er behov for det. Høgskulebiblioteka har eigne opplegg og rammer for kompetanseheving.

### 1.1 Sentrale utfordringar for biblioteka

Nasjonalbiblioteket peika i eit notat til Kulturdepartementet i desember 2013 på to hovudutfordringar for folkebiblioteka: digitalisering og infrastruktur på den eine sida og biblioteka si rolle som litteratur- og kulturhus på den andre (<http://www.nb.no/Hva-skjer/Aktuelt/Nyheter/Utvikling-av-folkebiblioteksektoren>).

Digitaliseringa femner om alle samfunnsområde. For biblioteka inneber ho krav om å kunne orientere seg i eit mangfald av digitale uttrykk, å kunne rettleie brukarar i informasjonssøk og kommunikasjon og å kunne nytte og undervise i bruk av digitalt utstyr. Ho inneber òg å produsere innhald på nett og å ta i bruk nye måtar å organisere og formidle informasjon på.

Litteraturhusa har aktualisert og synleggjort behovet for møteplassar og debattarenaer, og revisjonen av biblioteklova i 2013 gjer denne oppgåva til ein nødvendig del av drifta i alle folkebibliotek. Mange bibliotek har lang erfaring med denne rolla, medan andre, særleg dei mindre biblioteka, vil trenge mykje oppfølging for å kunne stette krava i lova.

Biblioteka i vidaregåande opplæring høyrer under Kunnskapsdepartementet. Å bidra til danning, lesekompetanse og informasjonskompetanse er sentrale oppgåver for skulebiblioteka. Deira funksjon er knytt til læreplanane og undervisninga i skulen.

I HK-sak 30/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-18, Kultur peika fylkesdirektøren på fire sentrale utfordringar for Sogn og Fjordane fylkesbibliotek framover:

- å setje folkebiblioteka i stand til å møte krava i revidert biblioteklov om biblioteket som fysisk og digital møteplass og arena for formidling, offentleg samtale og debatt
- å digitalisere lokallistorisk materiale og å heve kompetansen i biblioteka på formidling av digitale ressursar
- å vidareutvikle folke- og skulebiblioteka som bidragsytarar i leseopplæring og oppøving av informasjonskompetanse
- å medverke til at flyktningar og arbeidsinnvandrarar kan delta aktivt i fellesskapet

Det er behov for omfattande fagleg støtte for å styrkje folkebiblioteka på desse områda, særleg i eit fylke som vårt med små einingar og få tilsette. Fylkesbiblioteket kan leggje til rette for etter- og vidareutdanning gjennom fagleg og økonomisk støtte og ved opplæring og rettleiing i biblioteka.


### 1.2 Kompetansekartlegginga i Sogn og Fjordane 2011

Kompetansekartlegginga vart gjennomført som ei spørjeundersøking blant tilsette i folkebiblioteka, fylkesbiblioteket, biblioteka i dei vidaregåande skulane og høgskulebiblioteka. Spørjeskjemaet vart sendt ut i september 2011 med svarfrist 18. november. Skjemaet vart bygt opp med utgangspunkt i ABM-utvikling sine kriterium for kompetanseutvikling i biblioteksektoren (ABM-skrift #56. Kompetanseutvikling i bibliotek. Rammer og prioriteringer 2009). Vi spurde etter formell kompetanse (utdanningsnivå og fagfelt), realkompetanse (erfaring, omfang, nivå) og potensial (ønske og moglegheiter til vidareutvikling for den einskilde). Spørsmåla dreidde seg om leiingskompetanse, generell bibliotekkompetanse, digital kompetanse, formidling, marknadsføring og kompetanse innan kulturelt mangfald.


Av totalt 117 moglege respondentar svarte 84 på spørsmåla, ein svarprosent på 72 %. 18 av dei 26 biblioteksjefane deltok i undersøkinga. Minimum 2/3 av kommunane er dermed representerte

i utvalet. 61,9 % av dei som svarte arbeidde i folkebibliotek, 11,9 % i kombinasjonsbibliotek, 9,5 % i vidaregåande skule, 8,3 % på fylkesbiblioteket og 8,3 % i høgskulebiblioteka. Høgskulebiblioteka er med i det samla talmaterialet, men står for ein liten del av dei bibliotektilsette i fylket. Deira svar vil såleis ikkje gje stort utslag på resultatet. I vår samanheng er det behova i folkebiblioteka og vgs-biblioteka som står i fokus.


I alt 30,9 % av respondentane var tilsette som bibliotekar/spesialbibliotekar/rådgjevar og 27,3 % leiarar. Resten fordelte seg på kontorfagleg tilsette, filialstyrarar og anna.



Største aldersgruppene var dei mellom 40 og 49 år og 50 og 59 år. 20,2 % var over 60 år.



Respondentane vart delte i gruppa fagutdanna bibliotekar (36,9 %), tilsette med delvis bibliotekfagleg utdanning (17,8 %) og tilsette med inga bibliotekfagleg utdanning (45,2 %). Fagutdanna bibliotekar vart definert til bachelorgrad med minimum 120 studiepoeng bibliotekfag. Dei fleste fagutdanna bibliotekarane hadde i tillegg utdanning i andre høgskule- og universitetsfag. Av dei som ikkje hadde bibliotekfagleg utdanning, hadde 50,9 % anna høgskuleutdanning.



Det var flest fagutdanna bibliotekarar i aldersgruppa 50-59 år, 52 %, vidare 39 % i gruppa 40-49 år og 25 % i gruppa 30-39 år. Ifølgje bibliotekstatistikken var 13 av biblioteksjefane i kommunane fagutdanna i 2011, og talet er det same i dag. I vidaregåande skule synte kartlegginga at 6 av 15 bibliotektilsette var fagutdanna bibliotekarar.

Av 84 respondentar var 36 tilsett i 100 % stilling. 20 personar hadde stillingar på under 50 %.

Det var til ein viss grad manglande samsvar mellom det respondentane peika på som behov både på eigne vegner og på generelt grunnlag og på kva den einkilde faktisk ynskte å ta etter- eller vidareutdanning i. For fylkeskommunen vil det vere viktig å sjå på kva kartlegginga kan fortelje om det samla *behovet* for kompetanseutvikling.

Dei områda som flest respondentar tilrådde å prioritere for kompetansegivande tiltak var:

- informasjonskompetanse, informasjonssøk og attfinning
- litteraturkunnskap
- digital kompetanse
- formidlingsarbeid

Det var små skilnader mellom ulike grupper tilsette når det galdt prioriteringane. Leiarane, bibliotekarane og andre tilsette var i hovudsak samde i tilrådingane om kva som burde satsast på.

Leiarane vart i tillegg til spørsmåla over spurde spesifikt om leiingskompetanse. Dei områda som kom øvst når det galdt behovet for auka kompetanse var

- bruk av statistikk som strategisk verktøy
- utvikle prosjekt og søkje eksterne midlar
- leggje strategiar og mål og prioritere satsingsområde

Samla var det klart mest interesse for relativt korte kurs (1-5 dagar) . Deretter kom hospitering, og så kurs som går over ein periode (spreidd over nokre veker/månader). Kring halvparten ynskte kompetanseutvikling i form av studiepoenggjevande studium. Mange svarte at dei ville foretrekkje kurs der undervisninga er nettbasert med regelmessige samlingar.

Kartlegginga inkluderte også spørsmål om kva hindringar bibliotektilsette møtte når det galdt å delta i kompetanseutviklande tiltak. Her var det tre faktorar som særleg vart trekte fram: økonomi, reiseavstand og lite tid i forhold til stillingsstorleik.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Kartlegginga gjev eit godt bilete av behov for og ønske om kompetanseheving i folkebiblioteka og vgs-biblioteka i fylket. Det kan ha skjedd mindre endringar sidan årsskiftet 2011-2012, men arbeidsstokken i biblioteka i fylket er relativt stabil, og vi har dermed ikkje grunn til å tru at det er store skilnader.

Undersøkinga syner til ein viss grad manglande samsvar mellom det respondentane opplever som eige og generelt kompetansebehov og det den einskilde sjølv kunne ynskt seg etter- eller vidareutdanning i. Her vil naturleg nok personlege interesser spele inn. For fylkeskommunen vil det vere aktuelt å setje inn ressursane der behovet er størst. Tilbodet kan då i nokon grad vere vanskeleg å få oppslutning om, fordi personleg interesse har så mykje å seie for motivasjon. Det vert viktig å arbeide aktivt for å skape engasjement om kursprofilen vi vel.

Når det gjeld spesifikk bibliotekfagleg utdanning, syner aldersfordelinga ei fare for svekking i løpet av nokre år, viss ikkje det vert gjort ein innsats for å rekruttere og vidareutdanne. Mange delstillingar kan dessutan gjere det vanskelegare å få søkjarar til stillingar i biblioteka. Vi må rekne med at søkjarar med høgskule- og universitetsutdanning vil ynskje fulle stillingar. Meir midlar til opplæring og auka personalressursar i kommunane er viktige verkemiddel i ei satsing på kompetanseheving i biblioteka.

Kartlegginga tilseier at fylkesbiblioteket bør leggje til rette for kurs særleg på områda informasjonskompetanse, litteraturkunnskap, digital kompetanse, formidling og leiingskompetanse. Undersøkinga viser at det er behov både for kortare kurs og studium som går over lengre tid og er studiepoenggjevande. I kartlegginga var det ikkje spurt etter behovet for kurs på masternivå. Utdanningsnivået elles i samfunnet tilseier likevel at det også på dette nivået bør finnast tilbod i tida som kjem.

Viktige hindringar for kompetanseutvikling er økonomi og personalressursar i biblioteka. Ei sterkare satsing framover må søkje å bøte på dette. Fylkesbiblioteket har per i dag ingen frie midlar som kan nyttast til prosjektstøtte eller opplæring i biblioteka. Kurs og konferansar vert finansierte med deltakaravgifter og eventuelle prosjektmidlar. Til dømes tilbyr fylkesbiblioteket i år eit 15 studiepoengs kurs i samarbeid med NLA Høgskolen. Prosjektstøtte frå Nasjonalbiblioteket går inn som ein del av finansieringa.

Skal fylkeskommunen satse meir offensivt på kompetanseheving, vil det krevje prioritering og midlar, både til å arrangere eigne kurs og studium og for å kunne bidra i prosjekt som femner om opplæringstiltak. På sikt bør det òg vurderast å auke personalressursen ved fylkesbiblioteket for å kunne drive meir aktiv opplæring og rettleiing direkte til biblioteka, alternativt må andre oppgåver gå ut (nedprioriterast) til fordel for opplærings- og rettleiingsaktivitet. Det finst ikkje statlege midlar direkte til utdanningsstøtte, men det kan søkjast om tilskot til etter- og vidareutdanning i tilknytning til prosjekt, jf. formidlingsstudiet som er nemnt over. Fylkesbiblioteket kan ha ei viktig rolle som tilretteleggjar og medfinanseringskjelde for å få fram fleire slike prosjekt.

### **3. Konklusjon**

Kompetansekartlegginga 2011 syner behov for kompetanseheving i folkebiblioteka og biblioteka i vidaregåande opplæring. Områda informasjonskompetanse, litteraturkunnskap, digital kompetanse, formidling og leiingskompetanse peikar seg ut som område som bør prioriterast. Fylkeskommunen kan støtte kommunane og skulane gjennom å leggje til rette for etter- og vidareutdanning, både i form av kortare kurs og meir omfattande og studiepoenggjevande opplegg. Satsinga vil krevje ressursar til rettleiing og opplæring, planlegging, prosjektutvikling og heil eller delvis finansiering av kurs og studium. Prioritering, finansiering og vidare arbeid må vurderast i samband med handsaminga av budsjettet for 2015 og økonomiplanen 2015-18.